



Gode Lionsvenner i 104C

Månadsbrev april 2022

No er våren her. Bjørka er blitt grøn og dei første markblomane tittar opp mellom visne strå frå i fjor. Det er godt å kjenna på at me igjen går sommaren i møte.

Me kan gle oss over det og at me bur i eit land med fred og friheit.

I Lions Etiske Norm står det mellom anna « **Vise medkjensle med dei som lid, støtta dei svake og hjelpa dei som treng det**». Støtta til Ukraina gjennom Lions Norge katastrofefond har vore heilt fantastisk. Meir enn 3 millionar kroner er samla inn til formålet. La oss no bruka noko av midlane våre på dei ukrainske flyktningane som er komen til oss.

Tulipanaksjonen



2022 er «Frivillighetens år» me i Lions markerer « Vår dag» på Tulipandagen 30.april. Det er vårens vakraste eventyr som står for døra no. I morgon, 30. april skal me feira Tulipandagenover heile landet. Eg for min del syntest det er utruleg kjekt å stå på stand, treffa folk og fortelja om Lions og "Mitt Valg". Tulipanaksjonen er eit kjent og godt innarbeidd varemerke som er lett å "selja". Om me ikkje nådde målet på 200.000 tulipanar i distriktet, så er det like vel eit flott resultat med vel 150. 000 stk.

Eg håpar at dei klubbane som i år har valt vekk aksjonen, likevel er med og støttar opp om aktiviteten og betalar inn eit bidrag til Tulipanfondet. Som de veit, så er «Mitt Valg» heilt avhengig av støtte frå Tulipanfondet. Dess fleire kroner som kjem inn til fondet, til fleire kurs kan me tilby barnehagar, skular og idrettslag. Slik kan me vera med på å gje barn og unge verdfull trening i å meistra kvardagen som for mange kan vera utfordrande.

<https://www.lions.no/tulipanaksjon#>

Hugs at: "**Det er bedre å bygge barn enn å reparere voksne.** Lykke til med Tulipanaksjonen.

Distriktet

Distriktsmøtet 2022 vart gjennomført 22.-24. april på Quality Hotel Edvard Grieg på Sandslid. Endeleg kunne me feira distriktet vårt igjen og arrangera eit distriktsmøte som i gode gamle dagar. Meir enn 100 påmelde hadde ei flott helg i lag med Lionsvenner. Til alle dei som ikkje kunne møta, det byr seg ein ny sjanse neste år. Då er det LC Sandnes som arrangerer, sjølvstakt i Sandnes. Vil retta ei stor takk til LC Bergen/Løvstakken som var arrangør for DM 2022. Det var eit framifrå godt gjennomført arrangement. Stor takk også til møteleiar Sven Senstad som leia oss trygt gjennom distriktsmøteforhandlingane. Protokoll vil bli lagt ut på Gnist om ikkje så lenge. **Gratulera til alle som vart valt inn i ulike verv.** Eg ønskjer spesielt **DG- elect Jarle Rognstad** masse lykke til som DG 2022-2023. Distriktet er i dei beste hender.

Eg skulle så gjerne ønska at det å ta på seg eit verv i distriktet hadde vore noko fleire kunne tenkt seg. Det er både kjekt og lærerikt.



Ekstra kjekt var det for meg å kunna få overraske **Annette Pemmer** og **Kjell Framnes** med Melvin Jones Fellowship for deira lange fartstid i distriktet og for det gode arbeidet dei har gjort for Lions gjennom mange, mange år. Gratulera så mykje. Dette er så fortent. Dessverre kom plakettane på døra mi tre dagar for seint. Men det fiksar me. Plakettane skal høgtidleg overrekkast ved første anledning.

Marwin Hopland fekk tildelt Lionsfakkelen for sin ekstraordinære innsats for distriktet. Eit ja -menneske av dei sjeldne. For å bli kandidat til Lionsfakkelen må mottakar ha utvist ekstraordinær innsats som overskrid dei vanlege forventningane til rolla. Rett pris til rett mann, spør du meg.



Tusen takk til distriktsstyre- og råd i Distrikt 104C for innsatsen i 2021-2022.



Klubbaktivitetar

Det er kjekt på lesa på distriktet si Facebook-side om aktivitetar i klubbane. Her kan me få nye idear og inspirasjon til aktivitetar i eigen klubb.

Denne månaden vil eg spesielt dra fram innlegget frå presidenten i **LC Stord/Fitjar** om Karoline som i mange år har vore med i prosjektet «Aktiv for ungdom». Barn og unge er jo satsingsområdet vårt. Dette er ein aktivitet som mange klubbar kunne kopiert. Det er ofte vanskeleg å finna gode prosjekt i nærområdet vårt, så tenk litt på denne aktiviteten.

LC Fusa har i desse dagar strandrydding, innleigd av kommunen. Miljø er også eit av dei fem satsingsområda til LCI Forward. Kanskje dette er ein aktivitet som kan gje inntekter for fleire klubbar?

LC Bergen/ Vest har i samarbeid med andre Lionsklubbar i Bergen planlagt eit arrangement 22. mai for dei ukrainske flyktingane som er komen til byen. Klubben ønskjer å gje mødrer og barn ei god oppleving i ei vanskeleg tid. **Det er laga ein Spleis for arrangementet på Facebook.** Gå gjerne inn der og støtt dette gode tiltaket både som klubb og medlem.



Gratulera til **Helge Skretting** i LC Sandnes/Riska som har fått tildelt Melvin Jones Fellowship av klubben sin. Her i lag med presidenten i klubben, Jarle Rognstad.



Sist men ikkje minst så var eg så heldig å bli invitert til **LC Fana Vest** på klubbmøte for å fortelja litt om kva som rører seg i distriktet vårt og i Lions Norge. Takkar for ein fin kveld. Her i lag med presidenten i klubben, Olav Jørstad.

Opplæring

I mai og juni vil det bli opplæring for dei som går på som presidentar i Lionsåret 2022/2023. Opplæring er viktig, nødvendig og ikkje minst inspirerende. Til og med for dei som "kan og veit alt" og som har vore presidentar mange gongar tidlegare. Det skjer mykje i organisasjonen vår no og det er så viktig at alle får den informasjonen. Distriktet planlegg 4 møte. Bergen 12. mai (sone 2-6), Sogndal 14. mai (sone 1), Haugesund 8. juni (sone 7-9) og Bryne 9. juni (sone 10-12). Me håpar på å sjå alle påtroppande presidentar. Dersom det ikkje passar den aktuelle dagen er det fullt mogeleg å skifta til ein av dei andre dagane.

Riksmøte

Riksmøte er, som alltid, siste helga i mai. Sakene og diverse rapportar finn de på Gnist.



Vedtak som blir gjort på Riksmøte skal alle klubbar vera lojal mot så sant ein ikkje har vore til stades og levert inn skriftleg at ein reserverer seg mot vedtaket. Som dei fleste veit så stiller eg til val som AGRL2. Håpar sjølv sagt på støtte frå mange klubbar i Distrikt 104C.

Følg gjerne denne lenka for å melda deg på Riksmøte 2022.

<https://lionsnorge.portal.styreweb.com/arrangement/ArrangementSession2?ID=20511-BAAD>

Til slutt denne gongen vil eg « slå eit slag» for medlemsbladet vårt, LION.



Her kan du lesa om Riksmøte 2022, program og kandidatar, Helsesportuka i Tana, Ridderrennet, status Lions Røde Fjær og sist, men ikkje minst, ein flott presentasjon av Svein Berntsen frå LC Askøy som stiller som kandidat til vervet som 3.internasjonale visepresident. Og så mykje, mykje meir.

No er det slik at ikkje alle medlemmer får LION. Det er ikkje få eksemplar som blir returnert av posten. Det er jo litt trist for her er det mykje god lesing. Grunnen er feil eller manglande adresse på medlemmene. Eg ber om at alle klubbar går igjennom medlemslista og korrigerer postadressa i StyreWeb slik at alle medlemmer mottar bladet. Det er fort gjort på eit klubbmøte eller du sjekkar dette sjølv.

Du finn LION på <http://magasin.lions.no/> eit godt alternativ dersom du ønskjer å lesa det digitalt. Her finn du også tidlegare nummer av bladet.

Ønskjer alle ein fin mai måned med mange gode Lionsaktivitetar.



**Beste Lionshelsing frå
Gunnhild
Distriktsguvernør 104C 2021-2022
Telefon: 90 79 67 47 - e-post: c.dg@lions.no**